

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Svar frå fylkesordførar:

Det er rett at det er ein alvorleg situasjon for villreinen. Den påviste skrantesjuka kjem på toppen av ei rekkje andre utfordringar for villreinen, som eit resultat av at villreinen sine leveområde vert stadig meir fragmentert og innskrenka.

Engasjementet frå fylkeskommunen har i all hovudsak vore gjennom arbeidet med dei regionale planane for villreinområda; Regional plan for Nordfjella og Regional plan for Hardangervidda. Dette er interregionale planar med tydelege arealføringar i dei omfatta fjellområda, og inneber samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Viken fylkeskommune og Vestfold-Telemark fylkeskommune.

Desse plansamarbeida har interregionale sekretariat der Vestland fylke er representert. Det er og politiske styringsråd, Nordfjellarådet og Hardangerviddarådet, der Vestland fylkeskommune er representert med to fylkespolitikarar i kvart råd. Samlege kommunar er representert med ordførar.

Nordfjella:

I ein intensjonsavtale frå 8. mai 2018 beslutta staten ved Landbruks- og matdepartementet og Klima og miljødepartementet, Nordfjellarådet og dei seks aktuelle kommunane, at det skulle bli utarbeida eit heilskapleg program for å nedkjempe skrantesjuka (CWD) i Nordfjellaområdet.

Programutvalet utarbeida eit program med arbeidspakkar der mål, tiltak og ansvarsfordeling vart tydeleggjort. Det er eit sentralt premiss i programmet at Nordfjella villreinområde har status som nasjonalt villreinområde, og at Nordfjella sone 1 skal bli forvalta som om villreinen framleis er der i brakkleggingsperioden. Målet er at når reetableringa er gjennomført, har den friske stammen i Nordfjella eit villreinområde av minst like god kvalitet som før uttaket vart gjort. Dette inneber at området Nordfjellaplanen dekker, må verte forvalta i tråd med føringane i regional plan.

Hardangervidda:

26. januar 2021 la Vitskapskomiteen for Mat og Miljø (VKM) fram ei statusrapport på situasjonen rundt skrantesjuka på Hardangervidda. Dette er eit fagleg grunnlag for vidare forvaltning av villreinstamma. Miljødirektoratet og Mattilsynet har ansvar for vidare prosess, før det vert gjort endelege vurderingar i regjeringa. Dei regionale føringane for arealforvaltning vert ikkje påverka av dette arbeidet. Når det no er funnen skrantesjuka utanfor Nordfjella er det eit meir komplekst sjukdomsbilete, som vil krevje nye tilnærmingar. Det vert lagt til grunn ein arbeidsprosess med deltaking frå både lokalt og regionalt nivå, som ved utbrotet i Nordfjella 2016-2018.

Dei regionale planane for villreinområda, som fylkeskommunane har ansvar for, er vårt viktigaste verkemiddel for å følgje opp villreinen under sjukdomsutbrotet, både på kort og lang sikt. Plansamarbeidet er ein viktig arena for samarbeid på tvers av fylkesgrensene, både politisk og administrativt. Dette er og ein veletablert arena der andre aktørar som Villreinnemnda, Villreinutvala, Norsk Villreinsenter m.fl. er godt representerte. Vestland fylke har ei betydeleg rolle i dette viktige samarbeidet, og har bidrege aktivt både med kunnskapsformidling om skrantesjuka, og å mobilisere midlar til eigne sjukdomsrelaterte tiltakspunkt i handlingsprogramma.

Handlingsprogram for Nordfjella vart vedteken i Vestland fylkesting i desember 2020, og nytt handlingsprogram for Hardangervidda vil kome for godkjenning i fylkestinget.

Fylkesordføraren rår til at det vert lagt fram eit notat til politisk nivå som gjer greie for status og anbefalingar i løpet av våren, og at vidare engasjement fortsett via dei interregionale plansamarbeida rundt Nordfjella og Hardangervidda.

Fylkeskommunen sitt viktigaste bidrag er aktiv deltaking i arbeidet med regionale planar, og å sikre ein arealbruk som ikkje ytterlegare fragmenterer og innskrenkar dei allereie sårbare fjellområda villreinen er avhengig av. Medan statlege organ har det overordna ansvaret for artsforvaltninga av villrein, har fylkeskommunen gjennom dei regionale planane eit særleg ansvar for arealforvaltninga i villreinområda. Ansvaret vårt gjennom dei regionale planane er å legge til rette for fjellområde som kan huse ein sunn og levedyktig villreinstamme - både i dag og for framtidige generasjonar.